



Vertshuset hadde ein bra opningssesong i sommar og no satsar Røsland på ein vellukka førjuls- og juleopning. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er klart at det må vera liv i Vertshuset også før jul og vi opnar att 27. november, fortel eigaren Røsland til uskedalen.no.

Vertshuset vart opna pånytt i sommar etter tre års stenging og ein omfattande opprustning og det hadde ein bra sesong. No har Røsland annonsert julebord i lokalpressa og kan allereie melda om god respons.

- Kva er det du har å frista med?

- Eg går ut med eit tilbod til "folk flest" som vi kallar "Skandinavisk julebuffet" fordi det både er eit tilnærma, tradisjonelt norsk julebord og i tillegg har visse svenske innslag, som Janssons Frestelse, kjøttbullar og prinskorv! Buffeten serverar vi i to runder dei fire adventsøndagane – det vil seia 30. november, 7. desember, 14. desember og 21. desember.

Så har vi eit tilbod for bedrifter eller andre selskap på torsdagar, fredagar og laurdagar frå 17. november til 20. desember .

Dette er ein julebuffet med varme og kalde rettar, inkludert gløgg ved ankomst.

På fredagane og laurdagane vil vi også ha lokal, levande musikk!

- Og kva vil skje i sjølve jula?

- Vi legg opp til eit fullpakka juleprogram, men her er detaljane førebels ikkje klare, seier Røsland og lovar å koma attende også til dei vidare planar for Vertshuset.

Av Ola Matti Mathisen